

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 03.06.2015
SAKSHANDSAMAR: Hans Stenby og Terje Arne Krokvik

SAKA GJELD: **Langtidsbudsjett 2016-2020**

ARKIVSAK: 2014/1260
STYRESAK: **061/15 B**

STYREMØTE: 18.06. 2015

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtar langtidsbudsjett for 2016-2020.
2. Resultatkravet for perioden 2016-2020 blir fastsett som følger:

Resultat pr. foretak	Langtidsbudsjett					
	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Helse Stavanger	80 000	90 000	120 000	130 000	150 000	170 000
Helse Fonna	46 000	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000
Helse Bergen	200 000	210 000	230 000	250 000	250 000	250 000
Helse Førde	5 000	2 000	31 000	19 000	12 000	9 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest	13 000	14 000	17 000	18 000	20 000	20 000
Helse Vest RHF	0	0	0	0	0	0
Sum føretaksgruppa	345 000	357 000	439 000	458 000	473 000	490 000

3. Helseføretaka må styre og prioritere investeringane innanfor tilgjengeleg likviditet i langtidsbudsjettet. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.
4. Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. Avgjerda om og gjennomføring av investeringar må følgje fastsette retningslinjer for investeringar. Denne saka gir ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte prosjekta eller tilhøyrande lån.

5. Rullering av nytt langtidsbudsjett blir gjort våren 2016 med sikte på å behandle langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2016.

1. Føresetnader for langtidsbudsjett

Styret i Helse Vest behandla i møte den 18.06.2014 sak 069/14 B Langtidsbudsjett 2015-2019. Det blei i denne saka fatta vedtak om at rullering av nytt langtidsbudsjett skal gjerast våren 2015 med sikte på å behandle langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2015.

Helse Vest har i eige brev datert 18.12.2014 gitt helseføretaka føresetnader og føringar for utarbeiding av langtidsbudsjett 2016-2020. Som ein del av årets budsjettprosess blir langtidsbudsjettet behandla av styret i Helse Vest før sommaren. Alle helseføretaka har behandla sine langtidsbudsjett i sine respektive styre før denne saka blir behandla i Helse Vest styret. Langtidsbudsjettet for føretaksgruppa er derfor basert på helseføretaka sine langtidsbudsjett.

Administrerande direktør meiner at ein har klart å fange opp dei viktigaste føringane. Arbeidet med langtidsbudsjettet er ein årleg prosess der budsjettet blir behandla før sommaren. Det vil bli arbeidd kontinuerleg med å utvikle langtidsbudsjettet.

2. Føresetnader for langtidsbudsjett

2.1 Økonomiske føresetnader

Alle tal i langtidsbudsjettet er uttrykt i 2015 kroneverdi og det er derfor ikkje gjort justeringar for pris og lønsvekst i perioden. Alle endringar i tala skal vere basert på reelle endringar og ikkje prisendringar.

Helseføretaka har tatt opp lån til investeringar på ulike tidspunkt og fleire av desse låna har ulik fastrente. Føretaka skal nytte dei aktuelle rentesatsane for dei ulike låna. Når ein fastrenteavtale går ut, har Helse Vest bedt om at helseføretaka nyttar flytande rente i berekninga for den attverande del av planperioden. For lån med flytande rente skal helseføretaka nytta renteprognosen i dette avsnittet, dette gjeld både investeringslån med flytande rente og driftskreditt.

Den flytande renta for investeringslån og driftskreditt i Norges Bank var i siste halvår av 2014 fastsett til 1,78 %, og den lange renta på 5 og 10 års investeringslån kunne bindast på 2,18 og 2,94 %.

Med bakgrunn i dette har Helse Vest bedt om at føretaka set renta i langtidsbudsjettet til 2,1 % i 2016, og med ei gradvis stigning til 2,5 % i 2020:

	2016	2017	2018	2019	2020
Renteprognose	2,1 %	2,2 %	2,3 %	2,4 %	2,5 %

Denne føresetnaden gjeld både for driftskreditt og investeringslån med flytande rente. Ved fastsetting av renta er det ikkje tatt omsyn til prisvekst og verknaden denne har på utviklinga i renta.

Det er gjeldande inntektsmodell, jfr. Sak 130/13 B med oppdaterte befolkningsdata som ligg til grunn for fordeling av inntektene i langtidsbudsjettet. Det er lagt til grunn ein generell vekst på 0,6 % i aktivitet. Denne veksten er fordelt på helseføretaka med basis i inntektsmodellen. Det blir her vist til pkt. 2.2.1 for nærmare omtale av vekstføresetnaden.

2.2 Plangrunnlag

Utgangspunkt for helseføretaka sine langtidsbudsjett er noverande opptaksområde og funksjonar. Det kan bli endringar i oppgåvefordelinga mellom føretaka i langtidsbudsjettperioden. Dette er likevel forventa å vere mindre endringar og må handterast når det er aktuelt. Langtidsbudsjettet har eit perspektiv frå 2016-2020 og føretaka blei bedt om å gjere vurderingar basert m.a. på følgjande:

1. Utvikling av behovet for tenester i føretaket. Det er grunn til å vente auke i behovet for tenester, ikkje minst knytt til auken i talet på eldre, samstundes som ein ikkje kan rekna med at ressursramma vil auke like mykje. Helseføretaka må vise korleis dei kan utvide og tilpasse tenestene for å møte utfordringane innanfor påreknelege økonomiske rammer.
2. Nasjonale og regionale føringar, under dette dei føringar som følgjer av Helse 2020.
3. Samhandlingsreforma er ei retningsreform som vil få aukande effekt i planperioden. Helseføretaka må vise korleis tenestetilbodet kan utviklast og endrast i tråd med oppfølginga av samhandlingsreforma.
4. Korleis føretaket vil møte behova og følgje opp nasjonale og regionale krav og føringar. føringane.
5. Helseføretaka må og vurdere situasjonen knytt til personell og kompetanse, bygg og utstyr, IKT og andre viktige innsatsfaktorar.

Følgjande nasjonale og regionale dokument gir sentrale føringar for utvikling av spesialisthelsetenesta og utarbeiding av langtidsbudsjettet:

- Statsbudsjettet for 2015 .
- Samhandlingsreforma med ny kommunal helse- og omsorgslov, endringar i spesialisthelsetenestelova og nye forskrifter gir viktige føringar for omstilling, oppgåve- og funksjonsfordeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta.
- Helse 2020

- Plandokumentet for Helse Vest og helseføretaka i årleg melding
- Styringsdokumenta til Helse Vest RHF og til helseføretaka

Dei årlege styringsdokumenta til helseføretaka gjev konkrete føringar og rammer for inneverande år. Mange av føringane i styringsdokumenta må også sjåast i eit lengre perspektiv og vurderast i langtidsbudsjettet.

Helseføretaka skal gjere kort greie for korleis sentrale føringar og eksisterande planer er integrert og lagt til grunn for utarbeiding av langtidsbudsjettet.

Langtidsbudsjettet skal bygge på Helse 2020 og det skal vere ei nær kopling mot dei tre måla:

- Trygge og nære helsetenester
- Heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk
- Ein framtidretta kompetanseorganisasjon

Viktige satsingar i perioden vil vere m.a. følgjande:

- kvalitet og pasienttryggleik inkludert sikker legemiddelbruk og handtering
- god samhandling internt og med kommunehelsetenesta
- utvikling av robuste fagmiljø og berekraftige organisasjonar
- rett prioritering av helsetenester
- utvikling av brukarperspektivet og pasientrolla
- organisere tenestene slik at dei understøtter gode pasientforløp og effektiv ressursbruk
- kompetanse

Tilbodet til barn og unge er viktig, også i eit førebyggjande perspektiv.

Det gjeld også dei organisatoriske utfordringane knytt til logistikk og forløp m.a. innan kreftbehandling, behandling av pasientar med hjerneslag og generelt knytt til utnytting av kapasiteten i poliklinikkane (Jf. «alle møter»).

Det er ei klar forventning om at ventetidene blir redusert og at fristbrot ikkje skal skje.

2.3 Utvikling i behovet for tenester

Alle helseføretaka har gjort vurderingar om forventa utvikling i behovet for tenester innafor sitt opptaksområde. Det er lagt til grunn kunnskap om korleis befolkningsutvikling, sjukdomsutvikling, utvikling innan medisinsk teknologi og forventningane til helsetenestene vil påverke behovet og etterspurnad etter tenester.

Det er vist til korleis auke i levealder og fleire eldre vil påverke sjukdomsbilete. Det er m.a. vist til at fleire vil få kreft, hjerte- og karsjukdommar, muskel- og skjelettlidingar, kroniske revmatiske tilstandar. Kreft, hjerte- og karlidingar, diabetes og KOLS vil også bli påverka av livsstil.

Fleire rusmiddelavhengige vil ha samansette lidingar og pasientar med psykiske lidingar vil auke.

Nye og betre medisinske metodar vil også bety at fleire vil leve med kroniske sjukdommar. Fleire med langvarige og kroniske sjukdommar vil også auke behovet for rehabiliteringstenester.

Helseføretaka har i perioden frå 01.01.12 fått noko erfaring med samhandlingsreforma og dei økonomiske ordningane. Det er likevel vanskeleg å seie i kva grad reforma vil innverke på behovet for spesialisthelsetenester. Størst effekt har det vore knytt til betalingsordninga for utskrivingsklare pasientar, som er kraftig redusert.

Det er oppretta døgnplassar for augeblikkeleg hjelp i dei fleste kommunane innan 01.01.16. Fleire kommunar, m.a. Bergen kommune, vil likevel ikkje vere på plass før i 2016.

Utfordringa er fortsett bruken av plassane. Siste samhandlingsstatistikk viste på nasjonalt nivå at berre ca. 30 % av kapasiteten blei nytta. Det betyr at avlastinga for spesialisthelsetenesta så langt er svært liten.

Det er frå 2016 planlagt at kommunane får alle midlane som blir trekt ut frå spesialisthelsetenesta, direkte i sine rammer. Dersom ikkje bruken av plassane blir radikalt betra vil dette krevje ytterlegare effektivisering av spesialisthelsetenesta.

Det er viktig at helseføretaka samarbeider med kommunane om å auke bruken av plassane.

Ordninga med kommunal medfinansiering blei avvikla frå 2015. Det blir arbeid vidare med innføring av betaling for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og rus og lagt til rette for at også desse pasientgruppene kan nytta dei kommunale ØH-døgnplassane. Dette blir tidligast innført frå 2017.

I langtidsbudsjettperioden er det venta at reforma vil få større effekt, og det er viktig at helseføretaka i samarbeid med kommunane følgjer opp dei lovpålagte avtalane, legg til rette for eit meir heilskapleg og samanhengande tenestetilbod og utviklar lokale tilbod i samarbeid med kommunane.

I statsbudsjettet for 2015 er det lagt opp til ein generell vekst på 2,15 %, der ISF-området veks med 1,6 %. Av denne veksten er det venta at 0,8 % vil skje i kommunane, slik at veksten for spesialisthelsetenesta innafor ISF blir på 0,8 %.

For offentlig poliklinikk er det lagt til rette for ein vekst på 6 %. Dette omfattar psykisk helsevern, rusbehandling, laboratoria og radiologi.

Helseføretaka har hatt ein relativt høg vekst i fleire år, og truleg vil veksten innafor pasientbehandling halde fram. Årsaka er blant anna den generelle veksten i folketal og demografiske forhold der ein stadig større del av befolkninga vil bli eldre. Med basis i SSB sin framskriving av befolkningstala vil ein i perioden fram til 2020 få ein samla befolkningsvekst på 6,3 %. Denne veksten fordelar seg på helseføretaka som følgjer:

Helse Stavanger	7,8 %
Helse Fonna	5,0 %
Helse Bergen	6,8 %
Helse Førde	1,8 %

Framskrivinga er basert på ein middels nasjonal vekst. Veksten i folketalet vil vere størst i Helse Stavanger sitt område, medan Helse Førde vil ha den lågaste veksten. Dette er eit forhold som påverkar den framtidige bestillinga og fastsetting av inntektsfordelinga.

Kor mykje av den samla veksten innafor pasientbehandlinga som vil skje i spesialisthelsetenesta og/eller i kommunane er førebels vanskeleg å fastslå. Sjølv om kommunane på sikt skal overta ein større del av pasientbehandlinga vil det med utgangspunkt i den høge befolkningsveksten samt dei demografiske forholda, framleis vere ein vekst innafor spesialisthelsetenesta.

Etter ei samla vurdering vil Helse Vest legge opp til ein årleg vekst innafor spesialisthelsetenesta i regionen som ligg på 0,6 %. Det gjeld for alle fagområda samla.

Veksten vil vere ulik for dei enkelte helseføretaka. I tabellen under viser fordelinga mellom helseføretaka med utgangspunkt i 0,6 % vekst. Fordelinga er gjort med basis i framskriving av SSB sine befolkningsstal:

Årstall	Helse				Total
	Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	
2014-2015	0,8 %	0,4 %	0,7 %	0,1 %	0,6 %
2015-2016	0,8 %	0,4 %	0,7 %	0,1 %	0,6 %
2016-2017	0,7 %	0,4 %	0,7 %	0,1 %	0,6 %
2017-2018	0,7 %	0,4 %	0,7 %	0,1 %	0,6 %
2018-2019	0,7 %	0,4 %	0,7 %	0,1 %	0,6 %

I utarbeiding av langtidsbudsjettet må helseføretaka sjå endring i ISF-inntekt i samanheng med endring i basisramma. Dette inneber at helseføretaka kan legge til grunn ein auke i ISF-inntekt og basisramme som samsvarer med veksttala i tabellen ovanfor. Helse Vest legg med dette til grunn prinsippet om at vekst i pasientbehandling blir kompensert i basisramma og blir vidareført i dei kommande års statsbudsjett. I tillegg er det venta at den nasjonale inntektsmodellen vil gje Helse Vest ei positiv fordelingsseffekt dei kommande åra.

2.4 Korleis vil helseføretaka møte behova og følgje opp føringane

Alle helseføretaka har gjort vurderingar og lagt planer for korleis dei skal møte utfordringane og følgje opp regionale og nasjonale føringar innan pårekelege rammer.

Helseføretaka har søkt å vise korleis dei vil møte auka behov for tenester ved å betre tenesteytinga og ressursbruken. Det gjeld både dei kliniske prosessane og ulike støttetjenester inkludert nye IKT og byggløysingar.

Rask og presis diagnostikk, gode pasientforløp, nye organisatoriske løysingar, tverrfagleg samarbeid, samordning og samarbeid både internt mellom einingar og med kommunane er sentralt.

Det gjeld også vidare arbeid med kvalitet og pasienttryggleik.

Det blir særleg løfta fram kor viktig det vil vere å hente ut gevinstar frå sentrale regionale prosjekt og eigne nye byggløysingar i føretaka. Det vil kunne auke kapasiteten i pasientbehandlinga utan tilsvarande auke i ressursbruken.

Den teknologiske og medisinske utviklinga vil på den eine sida føre til auke i behov/etterspurnad etter tenester, og samtidig sikre at fleire kan få hjelp. På den andre sida gir det mogelighet for mindre inngripande behandling med kortare liggetid, meir dagbehandling og polikliniske tenester.

Ei meir effektiv drift vil også vere føresetnad for finansiering av større investeringar i bygg.

Det inneber at helseføretaka har vurdert utviklinga når det gjeld behovet for tenester, men også korleis tenestene bør vere organisert for å møte pasientane på ein betre måte.

Behovet for personell og kompetanse er vurdert og tiltak for rekruttering og god nytting av personell ressursane er tatt omsyn til.

Det er peika på kor viktig det er med gode IKT-løysingar som kan understøtte tenestene i alle fasar av pasientforløpet, frå diagnostikk til behandling og oppfølging i samarbeid med kommunane og kontakten med pasientane.

Det gjeld m.a. vidareutvikling av det pasientadministrative system DIPS til DIPS-arena, KULE – kurve og legemiddelhandtering, DMA – digitalt media arkiv, samt system som understøttar «Alle møter» og avansert oppgaveplanlegging.

Det gjeld også administrative system knytt til innkjøp, logistikk og økonomi (LIBRA).

Fornyng av og til ein viss grad kjøp av meir medisinsk teknisk utstyr (MTU) er naudsynt for å legge til rette for betre pasientforløp.

Alle helseføretaka har også vist til behovet for fornyng og utvikling av bygningsmassen. Det går føre seg eller blir planlagt større utbyggingsprosjekt i alle helseføretaka.

Det gis her ei kort oppsummering av hovudpunkt frå kvart helseføretak.

Helse Førde

Helse Førde har med bakgrunn i forventa behov for utvikling i tenestene særskild merksemd på følgjande hovudpunkt:

- effektivisering som følgje av arealplanen
- driftsendringar som følgje av samhandlingsreforma
- implementering av ny informasjonsteknologi og uttak av dei mogelege gevinstane det gjer

Helse Førde har laga ein eigen strategi for oppfølging av samhandlingsreforma. Det er lagt til grunn at etablering av kommunale ØH-senger vil føre til ein reduksjon i øyeblikkeleg hjelp innleggingar i sjukehus. Det er også venta at kommunane vil ta ein større del av oppgåvene innan rehabilitering, psykisk helsevern og rusomsorg. Helseføretaket må vere ein viktig støttespelar for kommunane i denne prosessen og bidra med rettleiing og kompetansebygging i kommunane.

Etablering av samanhengande pasientforløp internt i helseføretaket og i samhandling med kommunane har høg prioritet. Det handlar også om standardisering og like prosedyrar i einingar med like oppgåver.

Helseføretaket skal bli betre til å nytta dei samla ressursane og tilpassa dei til aktiviteten.

For å kunne møte behovet for tenester framover og ha økonomisk handlingsrom er det avgjerande at føretaket klarar å realisera potensielle gevinstar ved ny organisering, ny teknologi og rehabiliterte lokale/bygg. Helse Førde har søkt å sette tal på kva effekt dei kan hente ut m.a. av dei ulike regionale IKT-prosjekta og andre endringar.

Helse Førde har behov for å rekruttere legespesialistar og anna helsefagleg personell. Det er særleg utfordrande å ha nok legespesialistar til å dekke vaktordningar. Betre oppgåvedeling vil også vere viktig.

I Helse Førde blir det utarbeidd ein arealplan som syner behov for større utbygging både innan somatikk og psykisk helsevern. Føretaket vil arbeide vidare med konkretisering av naudsynte omstillingstiltak og driftstilpassingar.

Helse Bergen

Helse Bergen har valt å trekke fram ei rekke større prosjekt med tilhøyrande store endringsprosessar for å møte utfordringane.

Det gjeld:

- ny mottaksklinikk
- nytt sjukehus for barn og unge
- sengebygg sør
- poliklinikkprosjektet
- «Alle møter»
- KULE – kurve og legemiddelhandtering
- Digitalt media arkiv
- LIBRA

Andre prosjekt som blir nemnd er etablering av protonbehandling og nytt HF for innkjøp.

Ny mottaksklinikk er eit organisasjonsprosjekt og eit byggeprosjekt. Klinikken skal sikre rask og presis diagnostikk og nødvendig akuttbehandling. Rett kompetanse og eigna utstyr skal sikre pasientane rask diagnostikk, behandling eller overføring til rett eining i sjukehuset. Klinikken er planlagt ferdigstilt i 2016.

Nytt sjukehus for barn og unge skal samle tenestene til barn og unge. Første byggetrinn (BUSP 1) er ferdig i 2016 og vil innehalde tilbod til barn og unge innan psykisk helsevern, habilitering, klinikk for psykosomatisk medisin og Energisenteret for barn og unge.

Det legg særleg til rette for eit styrka tilbod til barn og med psykiske lidingar.

Sengebygg sør skal gi mellombels lokalisering av barneklubben under bygging av andre byggetrinn (BUSP 2) og kunne nyttast i samband med renovering av sengepostane i Sentralblokk frå 2022.

I poliklinikkprosjektet skal nye mogelegheiter og alternativ for framtidig poliklinikkverksemd og dagbehandling utgreiast. Målet er gode pasientorienterte forløp med rask diagnostikk og

effektiv utnytting av areal, utstyr og støttetjenester. Det skal gi auka kapasitet på polikliniske konsultasjonar.

Helse Bergen visar vidare til korleis ulike regionale prosjekt kan nyttast i eiga verksemd for å betre tenesteyting og ressursbruken.

«Alle møter» med avansert oppgåveplanlegging og tilrettelegging for god kontakt og kommunikasjon med pasientane, bidreg med verktøy som forenkler og støtter betre planlegging av oppgåver og disponering av personellressursane. Det er venta et prosjekta vil føre til at fleire pasientar kan bli behandla utan tilsvarande auke i kostnadane.

KULE-prosjektet (Kurve og legemiddelhandtering) skal bidra til å redusere feil knytt til bruk av legemiddel og gi betre kvalitet og pasienttryggleik. Det er venta at det vil gi ei meir effektiv ressursbruk.

Nytt digitalt media arkiv (DMA) skal forenkle bruk, deling og lagring av alle typar kliniske bilete. Det skal kunne gi betre kvalitet og støtte i dei kliniske prosessar.

LIBRA er eit program for å optimalisere støttetjenestene innan budsjett, anskaffing og kontraktarbeid, innkjøp og logistikk, rekneskap og styringsinformasjon. Det er venta at dette vil gi meir effektive tenester og ei økonomisk gevinst.

Helse Bergen vil i perioden arbeide vidare med implementering av planlagt/allereie igangsette prosjekt og program for å sikre gode omstillingsprosessar og evne å realisere både kvalitative gevinstar, større kapasitet og økonomiske gevinstar. Høgt investeringsnivå med nye IKT-system og bygg krev effektivisering av drifta.

Analyse av eigen drift kan også legge grunnlag for ein større grad av omprioritering av ressursar mellom einingar.

Forskning og innovasjon vil vere ei sentral oppgåve for å understøtte ei betre og meir effektiv helseteneste. Opplæring av pasientar og pårørande vil vere viktig for å styrke pasientane sin evne til meistring og deltaking.

Utdanning vil vere strategisk viktig for å sikre tilstrekkeleg kompetanse, og føretaket har utvikla ein eigen strategi for sikre kvalifisert personell. Her er også kompetanseutveksling med kommunane viktig.

Helse Fonna

Helse Fonna har valt å løfte fram følgjande område:

- forskning og innovasjon
- kvalitet og pasienttryggleik
- ventetider og pasientforløp
- kreftbehandling
- rehabilitering
- psykisk helsevern og rusmiddelavhengige
- samhandlingsreforma

Helse Fonna vil styrke grunnlaget for forskning og innovasjon i føretaket.

Helse Fonna vil også følge opp det nasjonale og regionale arbeidet med pasienttryggleik og kvalitetsforbetring.

Det blir lagt til grunn av ventetidene skal reduserast ytterligare i perioden. Det er sett auka krav til gode, sikre og effektive pasientforløp internt og mellom nivåa. Det blir vist til «Alle møter» og tilhøyrande verktøy. Helseføretaket vil fortsett ha merksemd på etablering av standardiserte pasientforløp, forenkle administrativt arbeid og arbeidsprosessar og understøtte desse ved å ta i bruk nye elektroniske løysingar.

Arbeidet med implementering av pakkeløp for kreft er sentralt. Pasientane skal oppleve eit godt organisert, heilskapleg og føreseieleg forløp utan forseinkingar i utredning, diagnostikk, behandling og rehabilitering.

Det krev også godt samarbeid både internt og med dei andre sjukehusa. Helseføretaket vil styrke tilbodet generelt innan kreftområdet.

Føretaket vil vurdere behov for kapasitet på spesialisert rehabilitering med utgangspunkt i tilbodet som er utvikla ved Stord sjukehus. Tidleg intervensjon, god intensitet og tverrfagleg behandling er viktig.

Det blir vist til dei store utfordringane knytt til utviklinga innan psykisk lidningar og rusavhengigheit. Det skal fortsatt leggest til rette for satsing på polikliniske og ambulante tenester og team. Hovudsatsinga er på DPSa og BUP med ytterligare spissing av sjukehusfunksjonane. DPSa må også ha tilbod til rusmiddelavhengige.

Samarbeid med kommunane og Bufetat for å sikre tidleg hjelp og førebygging av psykiske lidningar hos barn og unge er viktig.

Samarbeid med primærhelsetenesta om tilvisingar generelt og kompetansebygging blir også framheva.

Helse Fonna er også opptatt av utfordringane knytt til å ta imot, implementere og hente gevinstar frå dei nye IKT-løysingane. Det gjeld oppfølging av «Alle møter», KULE (kurve og

legemiddel), DMA (digitalt mediearkiv), DIPS Arena med strukturert journaldokumentasjon og LIBRA.

Det er ikkje lagt opp til at talet på tilsette skal auke i perioden. Det må likevel vere stort fokus på å sikre kvalifisert personell, godt arbeidsmiljø og gode arbeidstidsordningar. Eit auka behov for tenester må først og fremt bli løyst gjennom samarbeid med kommunane, auke i polikliniske tenester, gevinstar frå IKT-satsing, nytt medisinsk teknisk utstyr og andre investeringar.

Det er satt i gang arbeid med planlegging av eit større utbyggingsprosjekt ved Haugesund sjukehus. Idefase er gjennomført og arbeidet med konseptfasen er ferdig tidleg i 2016.

Helse Stavanger

Helse Stavanger har gjennom eigen strategiplan arbeidd mykje med utfordringane og strategiske satsingar i åra framover. Med bakgrunn i dette og regionale og nasjonale føringar blir følgjande område trekt fram:

- tidlig intervensjon
- kreftbehandling
- samhandling
- kvalitet og pasienttryggleik
- ventetider og effektive pasientforløp
- rehabilitering
- psykisk helse og rus

Fokus på tidleg intervensjon, rask diagnostikk og behandling skal hindre at sjukdom/skade utviklar seg og gi rask betring. Det er spesielt peika på tidlig intervensjon ved psykose, kreft, hjerteinfarkt, hjerneslag, akuttmedisin og overfor barn og unge. Helse Stavanger vil vere i forkant for å ta i bruk nye metodar og teknikkar i både utgreiing og behandling.

Pakkeløp for kreft blir innført. Det er viktig å redusere flaskehalsar på utgreiing av pasientar med mistanke om kreft og gode pasientforløp. Det er oppretta eigne kreftkoordinatorar for alle kreftformene.

Samhandlingsreforma har gitt effekt ved at talet på liggedøgn for utskrivingsklare pasientar er vesentleg redusert. Helse Stavanger saknar tilsvarande verkemedel innan rus og psykisk helse.

Føretaket forventar høgare effekt av kommunale ØH-senger. Det er viktig at føretaket bidrar til betre bruk av dei kommunale døgnplassane for augeblikkeleg hjelp og at føretaket sett av ressursar til å understøtte plikten til råd og rettleiing. Føretaket vil og bidra til kompetanseoppbygging i kommunane.

Arbeidet med pasienttryggleik skal følgjast opp. Arbeid med førebygging av infeksjonar er særleg viktig samt å hindre auka førekomst av bakteriar som er restistente mot antibiotika.

Ventetidene må reduserast, særleg ved lidingar kor ventetid kan påverke prognosen. Helse Stavanger vil prøve ut nye organisasjonsmodellar for å sikre effektiv utgreiing av pasientar med alvorlege symptom, m.a. eit diagnosesenter frå januar 2016 for rask og effektiv utredning av pasientar med alvorlege symptom.

Rehabiliteringstilbodet vil bli styrka.

Det blir vist til at psykisk helsevern og rus skal auke meir enn somatikk («gylne regel») og at veksten særleg skal vere i DPSa og barne- og ungdomspsykiatrien (BUP). Omlegging og forbetring av tilbodet innan psykisk helse og rus basert på beste kunnskap er naudsynt. Brukarane må delta aktivt og det er viktig at føretaket samarbeider med kommunane og NAV. Prosjekter innan arbeidsdeltaking, utdanning og tilrettelegging for stabile butilhøve vil i auka grad vere sentrale innan vaksenpsykiatrien og rusområdet. Når det gjeld barn og unge så må det vere auka fokus på dei aller yngste og deira familie.

Det er viktig at kommunane tar imot pasientar som er utskrivingsklare slik at det kan frigjerast kapasitet til andre tilbod.

Det er ei sentral utfordring å rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft. Det er blir arbeidd med fleire tiltak for å rekruttere og behalde personell. Betre oppgåvedeling kan gi betre bruk av kompetansen i føretaket.

PET-skannar er venta å vere på plass i 2016.

Det er krevjande å implementera dei store regionale IKT-prosjekta. Det er likevel forventat at dei vil vere store gevinstar knytt til innføringa av dei nye systema. Det gjeld både i forhold til kvalitet og mindre feilbehandling, men også for å skape ei betre drift med reduksjon av kostnader.

Arealsituasjonen for Helse Stavanger er krevjande. Korleis føretaket skal skaffa seg nye og meir funksjonelle areal for verksemda er ei viktig oppgåve framover. Gjennom sjukehusutbyggingsprosjektet blir ulike løysingar vurdert og sett i forhold til føretaket sin evne til å handtera investeringar. Konseptrapport vil ligge føre i 2015 med tidligast byggestart i 2017.

Sjukehusapoteka Vest (SAV)

Sjukehusapoteka Vest produserer og tilbyr legemidlar og farmasifaglege tenester til dei andre helseføretaka. Utvikling i leveranseløysingar og tenestetilbodet skjer i tett samarbeid med helseføretaka. Utover leveransar og tenester internt i kvart helseføretak driv SAV også publikumsutsal for pasientar og andre.

I langtidsbudsjettet er det lagt til grunn at SAV skal vera ein integrert bidragsytar når det gjelder pasienttryggleik, samt tryggleik for tilgang på legemidlar og andre apotekvarer i helseføretaka.

Helse Vest IKT

Helse Vest IKT er leverandør av IKT tenester til helseføretaka. Helse Vest IKT investerer i og driftar IKT-løysingar for heile føretaksgruppa. Inntekter i Helse Vest IKT vil såleis avspegle seg i IKT-kostnadar i føretaka.

Det er i langtidsbudsjettet lagt opp til auka aktivitet som følgje av fleire prosjekt og auka etterspørsel frå føretaka om ressursar til innføring av nye system.

2.5 Økonomisk utfordring og resultatkrav

Helse Vest har dei siste 6 åra levert positivt resultat. Resultatet for 2014 blei kr 796 mill. betre enn resultatkravet frå HOD. Det er viktig at føretaksgruppa klarer å skape positive resultat da dette er naudsynt for å kunne handtere investeringsplanane og utvikle verksemda vidare.

Helseføretaka må som hovudregel handtere investeringsbehovet innafor den likviditet ein klarer å skape gjennom drifta. Det er fleire store investeringsprosjekt som ligg føre i åra som kjem. Det er derfor heilt nødvendig at føretaksgruppa klarer å generere positive resultat slik at ein klarer å tilføre nok likviditet til å finansiere investeringane.

Under førre sak om langtidsbudsjett, som vart behandla av styret i juni 2014, blei det fatta vedtak om at resultatkravet fram mot 2019 skulle bli auka opp mot kr 548 mill. Helseføretaka har i samband med rulleringa av sine langtidsbudsjett gjort ei nærmare vurdering av nødvendige omstillingstiltak for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene slik at dei kan nå resultatkravet.

I tabellen under er det vist eit samandrag av budsjettert resultatutvikling som ligg til grunn i føretaka sine langtidsbudsjett fram til år 2020:

Resultat pr. foretak	Langtidsbudsjett					
	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Helse Stavanger	80 000	90 000	120 000	130 000	150 000	170 000
Helse Fonna	46 000	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000
Helse Bergen	200 000	210 000	230 000	250 000	250 000	250 000
Helse Førde	5 000	2 000	31 000	19 000	12 000	9 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest	13 000	14 000	17 000	18 000	20 000	20 000
Helse Vest RHF	0	0	0	0	0	0
Sum føretaksgruppa	345 000	357 000	439 000	458 000	473 000	490 000

Samla resultat for føretaksgruppa syner ein auke frå 345 mill. i 2015 til kr 490 mill. i 2020. Det enkelte helseføretak blir nærmare kommentert nedanfor.

Helse Stavanger

Helse Stavanger leverte eit positivt resultat på kr 29 mill. i 2014 justert for pensjon. Det gav eit negativt budsjettavvik på kr 46 mill. Resultatkravet for 2015 er satt til kr 80 mill. Pr. april 2015 ligg føretaket om lag kr 33 mill. etter budsjett. Føretaket har sett i gang ein rad tiltak og arbeider framleis mot å nå det budsjetterte resultatet for 2015.

Helse Stavanger er inne i ein vesentleg omstillingsfase og berekningar viser at resultatkravet som vart sett i førre langtidsbudsjett for åra 2016 og 2017 kan vere svært krevjande å nå. Dette heng saman med resultatutviklinga sist år samt at avskrivningar vil auke meir enn føreset. Føretaket har derfor søkt om å justere ned resultatkravet dei første åra i langtidsbudsjettet, men samtidig auke kravet seinare i perioden. Sidan auka avskrivningar er ein del av årsaka vil ikkje dette endre investeringsevna i vesentleg grad. I tillegg er sjukehusutbyggingsprosjektet flytta eit år ut i tid.

Forslag til nytt resultatkrav samt gammalt resultatkrav vil derfor vere som følgjer:

Resultatkrav	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Forslag til nytt resultatkrav	80 000	90 000	120 000	130 000	150 000	170 000
Gammelt resultatkrav	80 000	122 000	149 000	149 000	149 000	

I dette ligg det framleis eit krav om forbetring i drifta. Dette er ein særskilt viktig føresetnad for å realisere utbyggingsprosjektet i tråd med planane. Sjølv om føretaket viser at dei kan finansiera investeringsplanane dersom dei får så mykje lån som dei har føreset, så bør føretaket ytterlegare auke resultatet utover i perioden for å styrke sin evne til å gjennomføre investeringsplanane. Føretaket har utarbeidd langtidsbudsjett fram til 2026. Utdrag av denne viser følgjande utvikling på drifta og resultatet:

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Driftsresultat før avskrivning og renter (EBITDA)	335 000	359 477	377 413	391 181	398 200	395 404	420 657	429 523	442 283	513 035	553 591	566 464
Avskrivninger	238 800	254 685	243 605	247 560	235 209	213 144	276 133	248 762	244 923	342 251	338 734	367 191
Netto finans	-16 200	-14 793	-13 808	-13 621	-12 991	-12 260	-64 524	-60 761	-57 360	-120 784	-114 857	-139 273
Resultat	80 000	90 000	120 000	130 000	150 000	170 000	80 000	120 000	140 000	50 000	100 000	60 000
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)		24 477	17 936	13 768	7 019	-2 796	25 253	8 867	12 760	70 752	40 556	12 873

Tabellen synleggjer at føretaket kvart år framover må forbetre drifta, dette gjeld og før sjukehusprosjektet er ferdig. Vidare ser ein korleis avskrivning og renter vil påverke resultatet i tråd med framdrifta og dei ulike fasane i sjukehus-utbyggingsprosjektet. Det er i åra 2021, 2024 og 2026 dei store endringane på resultatet skjer. Det er også desse åra der det er føreset eit høgare gevinstuttak og betring av drifta.

Helse Bergen

Helse Bergen leverte i 2014 eit positivt resultat på kr 206 mill. justert for pensjon. Dette var kr 17 mill. betre enn budsjett. Resultatkravet i 2015 er på kr 200 mill. Utviklinga pr. april viser at føretaket ligg kr 35 mill. etter budsjett. Føretaket har sett i verk tiltak for å sikre at ein klarer å oppnå budsjettert resultat for 2015.

Helse Bergen har i sitt nye langtidsbudsjett lagt inn eit lågare resultatnivå enn det som låg til grunn i førre langtidsbudsjett. Endringane ligg hovudsakeleg på høgare avskrivning, og dette får derfor ingen vesentleg innverknad på det finansielle grunnlaget for investeringar.

Forslag til nytt resultatkrav samt gammalt resultatkrav vil derfor vere som følgjer:

Resultatkrav	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Forslag til nytt resultatkrav	200 000	210 000	230 000	250 000	250 000	250 000
Gammelt resultatkrav	200 000	220 000	250 000	280 000	300 000	

For å nå dette resultatkravet må føretaket forbetre drifta vesentleg i dei kommande åra. Dette er og heilt nødvendig for å kunne realisere investeringsplanane. I tabellen nedanfor er det synleggjort utviklinga i drifta, avskrivningar og finanspostar. Det er og synleggjort krav om årlig betring av drifta (EBITDA).

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsresultat før avskrivning og renter (EBIT)	662 500	695 000	761 000	791 000	800 000	800 000
Avskrivninger	445 500	450 000	480 000	490 000	500 000	500 000
Netto finans	-17 000	-35 000	-51 000	-51 000	-50 000	-50 000
Resultat	200 000	210 000	230 000	250 000	250 000	250 000
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)		32 500	66 000	30 000	9 000	0

Helse Bergen arbeider aktivt med å gjere nødvendige tilpassingar i drifta for å handtere dei økonomiske utfordringane og samtidig klare å skape eit finansielt grunnlag for investeringsplanane. Dei viktigaste utfordringane er knytt opp mot:

- Løns- og pensjonskostnad

- Teknologi, IKT og gevinstrealisering knytt til desse områda
- Rente og finanskostnad som følgje av høge lån

Helse Fonna

Helse Fonna nådde eit resultat for 2014 på kr 46 mill. justert for pensjon. Dette var kr. 12 mill. betre enn budsjett. For 2015 er resultatkravet på kr 46 mill. Føretaket har pr. april berre eit mindre avvik i forhold til budsjett og rapporterer ei prognose som er i tråd med budsjett. Frå 2016 og fram til 2020 er resultatkravet til Helse Fonna på kr 40 mill. Helse Fonna har lagt til grunn at dette resultatet vil vera tilstrekkeleg for å møte auken i investeringar som følgjer av deira utviklingsplan. Helse Vest vil likevel be føretaket gjere ei vurdering på om det er mulig å auke resultatkravet til minimum 2015-nivået for å styrke investeringsevna ytterlegare samt redusere risikoen knytt til utbyggingsprosjektet. I dette ligg det ein gevinstrealisering på totalt kr 65 mill. frå IKT prosjekt som er nødvendig for å handtere auka driftskostnader. Frå 2021 og utover i perioden vil resultatet bli påverka av at 1. fase i utbyggingsprosjektet slår inn med tilhøyrande effektiviseringsgevinst. Dette er vist i følgjande tabell:

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsresultat før avskrivning og renter (EBITDA)	171 878	164 693	161 209	158 385	161 974	161 050	190 290	194 628	199 017	198 458	197 933
Avskrivninger	124 180	124 441	122 119	120 388	123 221	121 615	155 738	157 400	156 409	152 222	142 494
Netto finans	-1 698	-252	812	1 871	1 112	431	-22 880	-21 859	-20 647	-19 250	-17 262
Resultat	46 000	40 000	39 902	39 868	39 865	39 866	11 672	15 369	21 961	26 986	38 177
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)		-7 185	-3 484	-2 824	3 589	-924	29 240	4 338	4 389	-559	-525

Når første fase av bygget blir tatt i bruk i 2021 må drifta forbetrast med minimum kr 30 mill. for å handtere auka avskrivning og renter. Deretter vil det vere nødvendig med ei ytterlegare forbetring i drifta for å handtere auka avskrivning og renter når neste fase av utbygging skal gjennomførast.

Helse Førde

Helse Førde leverte i 2014 eit resultat på kr 17 mill. justert for pensjon. Budsjettet var eit resultat i balanse. For 2015 er resultatkravet på kr 5 mill. Utviklinga pr. april er positiv og føretaket rapporterer ei årsprognose på kr 13 mill. for 2015. Det er viktig at føretaket følgjer opp dei omstillingane som er sett i gang og såleis legg grunnlaget for ei ytterlegare positiv resultatutvikling dei kommande åra. Dette vil vere heilt naudsynt for at føretaket skal klare å handtere investeringsplanen som dei har skissert.

Resultatkravet frå førre langtidsbudsjett låg på kr 30 mill. ut 5 års perioden. Føretaket har no oppdatert resultatkravet i tråd med endringane som følgje av auka avskrivning og finanskostnader knytt til investeringsplanen. Dette inneber at resultatet vil bli lågare mot slutten av perioden. Dette er likevel vurdert til å vere tilstrekkeleg for å handtere investeringsplanen.

Forslag til nytt resultatkrav samt gamalt resultatkrav vil derfor vere som følgjer:

Resultatkrav	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Forslag til nytt resultatkrav	5 001	2 206	31 495	19 205	12 430	8 785
Gammelt resultatkrav	5 000	5 000	30 000	30 000	30 000	

Føretaket har i langtidsbudsjettet og tatt inn effekt av ulike satsingar innafør IKT området samt effektar knytt til sjukehusutbyggingsplanen.

I tabellen nedanfor er det synleggjort forventta resultatutvikling i åra som kjem og kva som er nødvendig forbetring av driftsresultatet for å skape seg eit nødvendig økonomisk grunnlag for å handtere investeringsplanen.

Resultatbudsjett (beløp i heil)	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Driftsresultat før avskrivning og r	113 133	110 236	117 696	119 074	129 758	139 698	139 698	139 698	139 698	139 698	139 698
Avskrivninger	102 029	100 232	77 495	89 100	102 170	111 092	120 082	120 771	118 568	117 633	119 716
Netto finans	-6 103	-7 798	-8 706	-10 769	-15 158	-19 820	-19 077	-19 356	-17 714	-15 996	-14 166
Resultat	5 001	2 206	31 495	19 205	12 430	8 785	539	-429	3 415	6 069	5 816
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)		-2 897	7 460	1 378	10 684	9 940	0	0	0	0	0

Sjukehusapoteka Vest (SAV)

Sjukehusapoteka Vest leverte i 2014 eit resultat som var på kr 16,5 mill. justert for pensjon. Dette var om lag kr 6 mill. betre enn budsjett. For 2015 er resultatkravet sett til kr 13 mill. Føretaket rapporterer pr. april ei årsprognose på kr 9,2 mill.

Styret i SAV har bedt Helse Vest vurdere resultatkrava på nytt basert på vidareføring av endra føresetnader i langtidsbudsjettperioden knytt til lågare vekst og høgare varekost. Administrerande direktør vil tilrå at SAV får redusert resultatkrava i tråd med SAV sitt forslag frå kr 20 mill. til kr 15 mill. i 2015 og frå kr 21 mill. til kr 20 mill. i 2016. Ein bør vurdere om det framtidige resultatkravet skal haldast på dette nivået ut langtidsbudsjett perioden.

I tabellen under er det vist forslag til nytt resultatkrav og gammalt resultatkrav:

Resultatkrav	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Forslag til nytt resultatkrav	13 005	14 392	16 888	18 141	19 561	20 715
Gammelt resultatkrav	15 000	20 000	24 000	25 000	28 000	

Helse Vest IKT

Resultat i 2014 var kr 4,7 mill. justert for pensjon medan budsjettet var på kr 1 mill. Prognose for 2015 er per april er på budsjett. Helse Vest IKT har som krav i 2015 å levere eit resultat på kr 1 mill.

Helse Vest RHF

Resultatkravet i Helse Vest RHF har dei siste åra blitt sett til eit balanseresultat. Samtidig har ein gjennom ordninga med å budsjettere for reserve samt andre forhold, oppnådd betydeleg overskot. For 2014 blei resultatet i RHFet på kr 441 mill. justert for pensjon. Dette er med å

styrker investeringsevna til føretaksgruppa. Også for 2015 er resultatkravet sett til eit balanseresultat. I dette ligg det ein reserve på kr 60 mill. I førebels inntektsfordeling er det lagt opp til at reserven blir auka til kr 118 mill. i 2016 medan resultatkravet i RHFet er sett til eit balanseresultat. Alt anna like vil dette i prinsippet gje eit positivt resultat tilsvarande nivået på reserven. Fleire av helseføretaka har i sine langtidsbudsjett lagt inn føresetnad om internt lån frå Helse Vest. Dette føreset at Helse Vest har eit positivt resultat. Sidan det er lagt inn eit balansekrav i RHFet vil det ikkje vere rom for å kunne forskottere tildeling av internt lån på det nivå som føretaka har føreset. Det vil derfor vere nødvendig at det blir gjort tilpassingar i investeringsplanen i fram mot budsjett 2016 og neste rullering av langtidsbudsjett. Vurderingar knytt til tildeling av internt lån må gjerast når resultatet i RHFet er kjend. Det må gjerast ei vurdering av kor stor reserven bør vere i framtida for å ta tilstrekkeleg handtere generell risiko i føretaksgruppa, og Helse Vest tek sikte på å re-etablere denne til tidlegare nivå som låg på om lag kr 200 mill.

Samla vurdering

Helse Vest har levert bra på økonomiske resultat dei siste åra der 2014 blei det beste året nokon sinne. Likevel er resultatkrava i åra som ligg føre oss svært utfordrande. Desse blir forsterka av store investeringar som blir planlagt i perioden framover. Krav om positiv resultatutvikling må skje gjennom meir effektiv drift, og føretaka må derfor halde fram arbeidet med å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene som er gitt. Kontinuerleg fokus på omstillingar og gevinstrealisering vil vere viktig for å klare å skape tilstrekkeleg handlingsrom for naudsynt utvikling i tida framover.

Helse Vest aukar satsinga på IKT i tida framover. Det høge investeringsnivået gir høgare driftskostnader for helseføretaka, men som føresetnad for investeringane ligg det også store gevinstar. Det er særst viktig for framtida at føretaka klarer å hente ut desse gevinstane. Få av desse prosjekta er reine IKT –prosjekt, dvs at dei omhandlar ikkje bere IKT-infrastruktur. Dei fleste prosjekta er organisasjonsutviklingsprosjekt, men med eit IKT-verktøy. Ein viktig føresetnad for å kunne hente ut gevinstane, enten dei er kvalitative eller kvantitative, er at føretaka har tydelig fokus på å endre måten dei arbeider på. Dette må skje gjennom god endringsleiing, involvering samt oppfølging etter implementering. I tida framover vil også RHF-et ha auka merksemd på realisering av gevinstar knytt til IKT-prosjekt.

Utviklinga i samhandlingsreforma kjem fortsatt til å spele ei viktig rolle i tida framover og utgjør ein generell risiko for resultatutviklinga i føretaka. Frå 1/1-2016 er det føreset at kommunane tar over ansvaret for døgntilbod til pasientar som treng augeblikkeleg hjelp, og finansieringa blir frå same tidspunkt overført til kommunane. Kor stor del av aktiviteten kommunane faktisk klarer å ta over frå dette tidspunkt er framleis uvisst. Det er derfor viktig at helseføretaka held fram med å ha fokus på denne utviklinga, samt at dei klarer å tilpasse seg eit endra driftsnivå.

I forslag til vedtak om framtidig resultatkrav er det tatt utgangspunkt i helseføretaka sine vedtak i langtidsbudsjetta, avrunda til nærmaste heile mill. kroner. Alle helseføretaka må i sine budsjettprosessar gjere ei vurdering om det er behov for å forbetre resultatkravet ytterlegare for å kunne handtere framtidige investeringar.

3. Investeringar og finansiering

Helseføretaka må som ein hovudregel finansiere sine investeringar innafor den likviditet dei klarer å skape gjennom drifta. Det er berre store investeringar som er omtalt i statsbudsjettet som ein kan pårekna å få lånefinansiert frå staten. Per i dag gjeld dette berre nytt barne- og ungdomssenter i Helse Bergen, BUSP fase 1 med ein total låneramme på kr 700 mill. (i 2009-kroner) og BUSP fase 2 med ei total låneramme på 2,084 mrd. (i 2014-kroner)

I tabellen under er det vist eit samandrag av dei føresetnadane helseføretaka har lagt inn i sine langtidsbudsjett når det gjeld økonomisk og finansiell bærekraft:

Beløp i heile tusen kroner	Utvidet LTB periode ved store investeringer										
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Kontantstrøm til å dekke investeringar:											
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlag	345 006	357 598	439 285	458 214	472 856	490 366	363 926	406 655	437 091	354 770	415 708
+ Avskrivning/nedskrivning	1 127 210	1 164 981	1 185 735	1 236 803	1 269 663	1 259 814	1 365 916	1 340 896	1 333 863	1 426 069	1 414 907
= Kontantstrøm fra drifta	1 472 216	1 522 579	1 625 020	1 695 017	1 742 519	1 750 181	1 729 842	1 747 551	1 770 955	1 780 839	1 830 615
- Resultatawik 2014	451 408										
+ Nedskrivning 2014	3 003										
+ Opptak av nye lån	125 000	77 000	366 000	1 161 000	1 683 000	1 648 000	1 235 900	1 315 000	1 170 000	875 000	350 000
- Avdrag lån	-142 968	-147 244	-191 244	-192 644	-196 844	-203 824	-345 767	-351 003	-352 400	-543 454	-548 158
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
+ Salg av anleggsmidler	50 094	15 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0
+ Gaver	0	0	110 000	0	0	0	0	0	0	0	0
+/- Overføring av likviditet fra 2014	394 966										
+/- annet	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	2 353 719	1 467 335	1 909 777	2 663 374	3 228 676	3 194 357	2 619 975	2 711 548	2 588 555	2 112 385	1 632 456

Resultatet blei i 2014 kr 451 mill. betre enn budsjett. Dette styrkar investeringsevna i føretaksgruppa tilsvarande.

Av dei investeringsprosjekta som no er i gang er det førebels berre nytt barne og ungdomssenter i Helse Bergen, BUSP fase I og BUSP fase II som har fått lån frå staten og vil bli dekt over statsbudsjettet dei kommande åra. Helse Bergen har og føresett at det blir gitt internt lån frå Helse Vest i åra 2018 til 2021 på kr 127 mill. Tildeling av internt lån frå Helse Vest vil vere avhengig av eit overskot i RHFet. Dette er eit forhold som ein må komme tilbake til og Helse Bergen må derfor fram mot budsjett 2016 og neste års rullering av investeringsplan, ta høgde for at det er usikkerheit knytt til internt lån.

Vidare har Helse Stavanger lagt inn føresetnad om lån frå staten til nytt utbyggingsprosjekt. Prosjektet er no inne i konseptfasen som skal vere ferdig i løpet av 2015. Det er etablert ein fortløpande styringsdialog mellom Helse Stavanger og Helse Vest RHF kor økonomisk berekraft og finansieringa er ein viktig del av dialogen. Det har og vore dialog med HOD om prosjektet der finansieringsbehovet er meldt inn. Føretaket har lagt til grunn at dei har evne til å finansiera eit samla prosjekt til kr 8 mrd. Det er føresett at prosjektet blir finansiert med

70% lån frå staten. Det er og lagt inn føresetnad om internt lån frå Helse Vest på kr 500 mill. Det blir her vist til kommentaren i førre avsnitt der det blir understreka at tildeling av internt lån er avhengig av at RHFet går med overskot. RHFet tek sikte på å re-etablere reserven igjen for å ta høgde for risiko. Dersom ikkje uventa forhold dukkar opp, vil dette gje eit overskot i RHFet. Helse Vest kan likevel ikkje forskottere ei tildeling av internt lån før resultatet er kjend. Helse Stavanger må derfor på same måte som Helse Bergen ta høgde for dette i forbindelse med budsjettet for 2016 og neste års rullering av langtidsbudsjett.

Helse Fonna og Helse Førde har og planlagt utbyggingsprosjekt i dei kommande åra. Både Helse Fonna og Helse Førde har i sine langtidsbudsjett lagt til grunn at dei får lån frå staten til å finansiere prosjekta.

I tabellen under er det vist ei oversikt over innmeldt lånebehov frå helseføretaka i langtidsbudsjettperioden:

Lån	Langtidsbudsjett						Utvidet LTB periode ved store investeringer				
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Helse Stavanger	25 000	0	175 000	350 000	700 000	950 000	950 000	875 000	875 000	875 000	350 000
Helse Fonna	0	0	0	315 000	315 000	280 000	0	0	0	0	0
Helse Bergen	225 000	77 000	156 000	397 000	527 000	548 000	434 000	405 000	295 000	0	0
Helse Førde	60 000	0	35 000	105 000	175 000	175 000	130 900	35 000	0	0	0
Helse Vest IKT	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
